

ÅRSMELDING 2014

Innhald

Året 2014	2
<u>Styret, administrasjon og organisering</u>	
Styret	3
Medarbeidarar / organisering / likestilling	4
Organisasjonsplan 2014	5
Lokalisering	5
Evaluering av selskapsform og tenesteinnhald	6
<u>Drift VAR</u>	
Kjernetjenester i SVA KF VAR	6
Drift VAR	7
Nøkkeltal frå drifta VAR	7
<u>Drift VTP</u>	
Kjernetjenester i SVA KF VTP	8
Drift VTP	8
<u>Prosjekt VAR</u>	
Pågåande prosjekt	9
<u>Arbeidsmiljø og kompetanseheving</u>	
Arbeidsmiljø, hendingar, avvik, sjukefråvær	10
<u>Anna</u>	
Kundar hos Stord vatn og avlaup KF	12
Nøkkeltal. Utvikling av eigedomsgebyra	12
Kjøp av tenester frå Stord kommune	12
<u>Årsrekneskapen 2014</u>	
Investeringar/lån	13
Drift	13
Resultat/fond	14
Styret	15

**STYRET SIN ÅRSBERETNING OG ÅRSREKNESKAP 2014
FOR
STORD VATN OG AVLAUP KF**

ÅRET 2014

Utbygging og drift av vassforsynings - og avløpsanlegg er grunnleggjande for samfunnsutviklinga både lokalt, regionalt og nasjonalt. Overordna godkjenning - og kontrollmynde for produksjon og levering av drikkevatt og reinsing av spillvatt stiller strenge krav til kvalitet og tryggleik i alle ledd. Stord kommune har i denne samanhengen store utfordringar i åra som kjem. Utbygging av nye VA – anlegg, rehabilitering av eksisterande anlegg og kvalitetssikring av drifta i eit heilskapleg og berekraftig perspektiv set krav til kompetanse og kapasitet.

Produksjonen av drikkevatt var i 2014 omkring det same som for året før. Det blei totalt produsert 4,1 mill m³ drikkevatt i 2014. Vasslekkasjar er ei stor utfordring for driftsorganisasjon. Det var i 2014 registrert 27 brot på dei kommunale hovudvassleidningane, mot 26 brot i 2013. Lekkasjesøk og kontinuerleg betring av leidningsnettet er ei av dei viktigaste oppgåvene for føretaket.

I 2014 har det vore stor aktivitet på prosjektsida. Samla investering innanfor vatt og avløp var ca 61 mill.kr. SVA er og ein viktig part i fleire av dei store private utbyggingsprosjekta i kommunen. Dette gjev god synergieffekt.

Kommunedelplanane for vassforsyning og avløp legg føringar for framtidige utbygging av infrastrukturen i Stord kommune, og legg til rette for overordna politiske styring og prioritering. Revisjon av hovudplanane starta i 2013. Planarbeidet vart avslutta i desember 2014, og slutthandsama i styret i SVA 21.01.2015 med innstilling til kommunestyret. Kommunestyret vedtok planane 12.02.2015. Kommunedelplanen for avløp vert lagt til grunn for Fylkesmannen i Hordaland sine utsleppsløyve til Stord kommune.

Evaluering av føretaksmodellen har vore ei særskild viktig sak for føretaket i 2014. Styret sin rapport vart handsama i kommunestyret 13.02.14 kor det vart gjort vedtak om at den vidare evalueringsprosessen skulle gjennomførast som forvaltningsrevisjon med ekstern evaluering. Kommunestyret vedtok i same sak at veg, trafikk og parkering, VTP, skulle tilbakeførast frå føretaket til basisorganisasjonen frå 01.01.2015. Forvaltningsrevisjonsrapporten, utarbeidd av Deloitte, vart handsama i kommunestyret 16.10.2014, kor rådmannen fekk i oppdrag å fremje ei sak om organisering av dei tekniske tenestene i Stord kommune. Saka vart lagt fram for kommunestyret 12.02.15. Kommunestyret vedtok å oppretthalde dagens organisering av dei tekniske tenestene med ei vidareføring av føretaksmodellen.

2014 har vore eit arbeidskrevjande, utfordrande og interessant år for Stord Vatn og Avlaup KF. Dei tilsette i føretaket har utført eit framtidretta og målretta arbeid både når det gjeld planlegging, utbygging og drift av veg, vatt og avløpsanlegg. Styret takkar medarbeidarane i føretaket for innsatsen, og håpar at innbyggjarane i Stord kommune er nøgde med dei tenestene som SVA KF har utført. Styret takkar spesielt dei tilsette i VTP for samarbeidet og godt utført arbeid, og lukke til vidare i basisorganisasjonen.

Styret, administrasjon og organisering

Styret

Styret for SVA KF hadde for året 2014 følgjande samansetning:

Sverre Olav Svarstad	Styreleiar (frå 20.12.14)
Roy-Sverre Amundsen	Styreleiar (frå 01.01 – 31.10.14)
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar (konstituert styreleiar frå 01.11 – 19.12.14)
Irene Strømø Kvalvik	Styremedlem (frå 01.07.14)
Jonas Meyer Eldøy	Styremedlem (frå 01.07.14)
Øivind Lothe	Styremedlem valt av medarbeidarane.
Johannes Njåsen	Styremedlem
Hilde Grov Ottesen	Varamedlem
Kurt Håkon Grundvold	Varamedlem
Trond Hjartåker	Varamedlem
Leif P Lie	Vara valt av medarbeidarane i SVA

Styret har hatt 10 møter i 2014. Det har vore handsama totalt 35 saker gjennom året.

Medarbeidarar / organisering / likestilling

Ved utgangen av 2014 var det totalt 35 medarbeidarar i føretaket; 8 kvinner og 27 menn.

Føretaket er organisert med 7 tenesteproduserande avdelingar: Økonomi, VAR-Drift, IK/HMT tenester, Kontroll, Prosjekt, Veg, Trafikksikring og Parkering.

I tillegg kjøper føretaket tenester frå administrasjonen i Stord kommune; personaltenester, rekneskap og løn, IKT, sekretær- og arkivtenester, tingartenester og post / teletenester.

Tekst	2014	2013	2012	2011**
Antall årsverk	32,5	28,9	33,6	25
Antall tilsette	35	35	35	25
Antall kvinner	8	8	8	5
%-andel kvinner	22,9	22,9	22,9	20,0
Antall menn	27	27	27	20
%-andel menn	77,1	77,1	77,1	80,0
Antall kvinner leiande stillingar	2	2	2	2
%-andel kvinner i leiande stillingar	25,0	22,2	22,2	25,0
Antall menn i leiande stillingar	4	6	7	6
%-andel menn i leiande stillingar	75,0	77,8	77,8	75,0

Fordeling heiltid/deltid

Tekst	2014	2013	2012	2011**
Antall deltidsstillingar årsverk	2,5	2,6	1,6	0
Antall tilsette i deltidsstillingar	5	5	3	0
Antall kvinner i deltidsstillingar	1	2	2	0
%-andel kvinner i deltidsstillingar	20,0	40,0	66,7	0,0
Antall menn i deltidsstillingar	4	3	1	0
%-andel menn i deltidsstillingar	80,0	60,0	33,3	0,0


** 2011 er utan VTP

Stillingsprosent var i 2014 som fyljande: 1 stk. 60%, 2 stk. 70%, 1 stk. 20%, 1 stk. 40%. Resten er 100% stillingar.

Føretaket hadde to medarbeidarar som var på seniortiltak i 2014.

Føretaket har overvekt av menn. Føretaket ser ein positiv trend når det gjeld kvinner innan administrasjon og forvaltning. Ved nye tilsetjingar bør fleire kvinner inn i føretaket, under elles like tilhøve. Føretaket er generelt pålagt å fylja lønspolitikken til Stord kommune. Føretaket er opptatt av likeløn.

Viser også til Note 2 Årsverk, i rekneskapen.



SVA kjøper av tenester innan økonomi og IKT frå Stord Kommune. SVA har ikkje egne tilsette i desse funksjonane.

Lokalisering

Føretaket held til i SKE bygget på Heiane, Rundehaugen 45, kor SVA er leietakar.

I første etasje:

I første etasje er driftsavdelinga lokalisert. Her finn ein kontor for administrasjonen på driftsavdelinga, matsal, verkstad, lager og garderobar.

På uteområdet ved første etasje:

Her er det garasjeanlegg og parkeringsområde for maskin- og bilpark.

I tredje etasje:

Her finn ein medarbeidarar for administrasjon, forvaltning, kontroll og støttetjenester, samt møterom. I tredje etasje er også inngang for besøkjande.

Evaluering av selskapsform og tenesteinnhald

Bakgrunnen for evalueringa er «PS 89/12 - Årsbudsjett 2013 / Økonomiplan 2013-2016» vedteke i kommunestyret 29.11.2012 som seier at styra i SVA og SKE skal førestå ei evaluering av føretaket. Utdrag av punkt 12 og 13 c i saka, sitat:

"Kommunestyret vedtek ei evaluering av føretaket som også inneber vurdering av selskapsform og tenester. SVA KF / SKE KF skal førestå evalueringa, eventuelt ved bruk av ekstern hjelp."

Etter fire år med kommunale føretak er erfaringane med drift, tilpassing og utvikling av organisasjonen eit godt grunnlag for evaluering av føretaksmodellen.

Evaluering av føretaksmodellen har vore ei viktig sak for føretaket i 2014. Styret sin rapport vart handsama i kommunestyret 13.02.14 kor det vart gjort vedtak om at den vidare evalueringsprosessen skulle gjennomførast som forvaltningsrevisjon med ekstern evaluering. Kommunestyret vedtok i same sak at veg, trafikk og parkering, VTP, skulle tilbakeførast frå føretaket til basisorganisasjonen frå 01.01.2015. Forvaltningsrevisjonsrapporten, utarbeidd av Deloitte, vart handsama i kommunestyret 16.10.2014, kor rådmannen fekk i oppdrag å fremje ei sak om organisering av dei tekniske tenestene i Stord kommune. Saka vart lagt fram for kommunestyret 12.02.15. Kommunestyret vedtok å oppretthalde dagens organisering av dei tekniske tenestene med ei vidareføring av føretaksmodellen

Drift VAR

Kjernetenester i SVA KF

VAR. Tenester innan sjølvkostprinsippet

Det er Stord vatn og avlaup KF som har eigaransvar for Stord kommune sin vassleveranse, leidningsnett og avløpsreinseanlegg. Føretaket har totalansvar for forvaltning, planlegging og utbygging, samt drift, vedlikehald og utvikling av offentlege vatn og avløpsanlegg i Stord kommune.

Tenestene er fullt ut gebyrfinansiert etter sjølvkostprinsippet med eigenbetaling frå brukarane.

Vatn

Drikkevatt som SVA leverer, skal vere hygienisk trygt, klart og utan nemnande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde fysiske, kjemiske eller biologiske komponentar som kan medføre fare for helseskade i vanleg bruk.

Avlaup

Som avløpsabonnt hos SVA skal ein vere sikra at avløpsvatnet vert leia bort på ein hygienisk trygg måte, og at kommunen driv avløpsanlegga i tråd med gjeldande utsleppsløyve.

Den enkelte abonnt har ansvar for å halda eigne stikkleidningar i orden, og skal også sjå til at det ikkje kjem miljøfarleg avfall eller anna stoff i leidningsnettet som kan hindra ei effektiv reinsing i samsvar med gjeldande miljøkrav. Det er ikkje høve å nytta kjøkkenkvern i Stord kommune!

Renovasjon og slam

SVA er ansvarleg for renovasjon for hushald og slamtøming i kommunen, men har gitt den utførande oppgåva vidare til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM).

Drift VAR

Driftsavdelinga har døgkontinuerleg vakt, og har drifts og vedlikehaldsansvaret for følgjande anlegg :

Type anlegg	Status pr. 31.12.14
Vassleidning	246 km
Avløpsleidning	176 km
Vasshandsamingsstasjon (Dynasand og UV)	1
Krisevasshandsamingsstasjon (Klor)	1
Høgdebasseng store	2
Høgdebasseng små	2
Målekummar på vassleidning	12
Avløpspumpestasjonar	38
Kommunale slamavskiljarar	4
Mekanisk reinseanlegg avløp	3

Nøkkeltal frå Drift VA

I Stord vatn og avlaup KF har me produsert fylgjande mengd vatn for våre kundar:

År	2010	2011	2012	2013	2014
Produsert m ³	3 538 000	3 754 000	4 226 000	4 204 000	4 080 000

Tal registrerte brot på kommunal vassleidning :

År	2010	2011	2012	2013	2014
Brot	28	28	40	26	27

Mengd utskifta leidning :

År	2010	2011	2012	2013	2014
Meter vassleidning	1 599	1 823	3 883	6 300	1 026
Meter leidning spillvatn	5 109	1 804	3 415	4 335	920
Meter leidning overvatn	2 605	-	3 815	4 218	403

Mengd nye leidningar :

År	2014
Meter vassleidning	2 162
Meter leidning spillvatn	1 641
Meter leidning overvatn	495

Drift VTP

Kjernetenester i SVA KF

Veg, trafikk og parkering- VTP

Generelt

VTP har forvaltningsansvaret for fagområdet veg og trafikk. I tillegg gir VTP fråsegn som vegmynde til reguleringsplanar og andre offentlege planar kor veg og trafikktryggleik er tema.

Kommunale vegar

VTP har totalansvar for kommunale vegar der som omfattar følgjande hovudoppgåvene:

- Drift og vedlikehald av til saman ca. 160 km kommunale vegar og gang- og sykkelvegar.
- Snøbrøyting og strøing.
- Veglys.
- Vegmerking, reinhald av veg og rydding av vegetasjon.
- Kommunale bruer

Trafikksikring

VTP er kommunen sin avdeling når det gjeld forvaltning, gjennomføring og kontroll av arbeidsfeltet skilt, trafikkregulering og trafikktryggleikstiltak.

Parkering

VTP er kommunen sin utførande avdeling når det gjeld forvaltning, gjennomføring og kontroll av avgiftsparkeringa i kommunen.

Drift VTP

Drifta i VTP omfattar sommar - og vintervedlikehald av vegar og fortau. Vintervedlikehaldet er naturlegvis avhengig av vær-tilhøva.

Mange av vegane er svært slitt og er av ein dårleg stand. Etterslepet på vedlikehald blir for kvart år merkbar større.

Utfordringa med å halde budsjetttrammene i VTP er i stor grad tufta på dei variable kostnadane for straum til vegljøs og vintervedlikehald.

Kommunale vegar i 2014

Driftsavdeling for VTP driftar fyljande anlegg:

Type anlegg	Status pr. 31.12.2014
Kommunale vegar (asfalt)	139 km
Kommunale vegar (grus)	7 km
Kommunale bruer	12
Parkeringsplassar for bil (Leirviksområdet)	910

Det er gjennomført planlagd drift og vedlikehaldsprogram knytt til sommar og vintervedlikehald. Snøbrøyting, strøing, grøftereinsk, feiing / reinhald, slamsuging av sandfangskummar er gjennomført i samsvar med periodiserte planer. Årleg vedlikehaldsprogram for kommunale grusvegar er utført.

Organisasjon

VTP har i 2014 sysselsett 8 personar, i alt 5,3 årsverk.

Tiltak

I tillegg til dei løpande drifts, vedlikehald, plan og forvaltningsoppgåvene har VTP fått gjennomført / starta opp følgjande prosjekt i 2014 :

- Prosjekt 7010 – Fjellsikring Utslettevegen
- Prosjekt 7011- Gangfelt / fortau Sætravikvegen / Tjødnalio
- Prosjekt 7012- Vegbelysning , gamle Ådlandsvegen
- Prosjekt 7013 – Opprusting og lyssetting av gangveg til Tjødnalio skule
- Prosjekt 7014 - Trafikksikringsarbeid , Langelandsvegen (ikkje avslutta)

Det er vidare utarbeid forstudierapport for ny bru til Grunnvåg samt framlegg til alternativ vegløyning til næringsområdet. Det er og gjennomført eit samarbeidsprosjekt mellom VTP, Statens vegvesen og Heiane Vest om bygging av gang/ sykkelveg frå Meåtjødno til Valvatna. Prosjektet med ny vegføring til Amfi Stord er følgd opp av VTP. Det er gjennomført asfalteringsprogram for 2014 herunder også eit prosjekt i eigen regi med legging av gjenbruksasfalt på Bådsvikvegen og Kattnakkevegen.

Prosjekt VA

Pågåande prosjekt pr. 31.12.2014.

Organisering av prosjekt vert gjennomført på to måtar:

- Prosjekt administrert av føretaket (ein prosjektleiar for store prosjekt samt at driftsorganisasjonen gjennomfører mindre saneringsprosjekt i eigen regi).
- Føretaket yter anleggsbidrag til eksterne private utbyggingsprosjekt når desse føregår i område der våre eksisterande VA-anlegg treng oppgradering.

I 2014 gjennomførte føretaket desse prosjekta:

Skotabergvegen VA-sanering
Rullering kommunedelplan for vassforsyning
Rullering kommunedelplan for avløp
Prosjektering av ny avløpsløyning frå vasshandsamingsstasjonen på Lundsæter
Prosjektering av tre nye pumpestasjonar, Buneset, Myro og Nysætervegen
Prosjekteringa av stor slamavskiljar på Skjersholmane
Kjøp av tomt til tømeplass for mobile toalett (bobilar, turistbussar og liknande)
Kårevikvegen VA-anlegg, etappe 1
Ferdigstilling av Lundsæter vasspumpestasjon
Oppjustering av pumpehus på Skarvane på Sørhuglo
Valvatna vassmålestasjon
Brannsikring av vasshandsamingsstasjonen på Lundsæter (sprinkling)
Ferdigstilling av VA-anlegg mot molo på Nordhuglo
Rehabilitering av VA-anlegg i Prestlio
VA-anlegg langs Vikastemno
Forprosjekt for ny vassforsyning til Føyno
Ny hovudvassleidning i Grunnvågen (driftsorganisasjonen)

I 2014 ytte føretaket anleggsbidrag i desse prosjekta:

Bustadfeltet BB10 ved Hornelandsvegen
Ekro bustadfelt
Utbygginga av parkeringshus ved Amfi-senteret på Leirvik
Kringsjø terrasse, felles oppgradering av VA-anlegg i Bandadalen og Kringsjø
Prosjektering av VA-anlegg i samband med at Statens vegevesen byggjer ny Sagvåg bru
Prosjektering av VA-nett langs arm av E39 frå Heiane til kryss mot Tømmervik
VA-nett i ny gangveg mellom Heiane Vest og Valvatnafeltet
Utbygging på Leirvik Sveis si tomt langs Storhaugvegen, oppgradering av VA-nett
Prestagardslio bustadfelt på Tyse og tilhøyrande vassmålestasjon

Arbeidsmiljø og kompetanseheving

Føretaket har også i 2014 hatt fokus på arbeidsmiljø og HMT.

Fylgjande aktivitetar har blitt utført innan IK/HMT:

- Beredskapsplan oppdatert
- Vernerunder utført alle områder
- Oppstart akkreditert prøvetakning på Avløp
- Ny prosedyre for arbeidsmiljø og vald
- Møte m/VO og tillitvalt 2 stk
- Internrevisjon IK-vatn
- Eksternt tilsyn frå Fylkesmannen og Mattilsynet
- Sosiale samlingar sommar og vinter.
- Revisjon HMT system, Haugaland HMS

Kurs opplæring:

- 40 timars arbeidsmiljøkurs i regi av Stord kommune
- Gjennomgang sjukefråværsrutinar for alle leiarane i SVA, Haugaland HMS
- Opplæring beredskapsplan
- Gassmålingskurs
- HMT konferanse Bømlø YSST
- Intern gjennomgang verdiplakat til Stord kommune
- Kurs Byggherreforskriften
- ADK kurs
- Gjennomgang retningslinjer personal, internt.

Registrerte hendingar innan HMT

År	2010	2011	2012	2013	2014
Skade med fråvær	2	0	0	1	1
Skade utan fråvær	2	1	1	1	1
Uønskt hending	2	5	4	0	0

Utviklinga gjeldande skadar og registrering av uønska hendingar er positiv. Dette arbeidet vil halda fram også i 2015.

Målsettinga er: 0 hendingar.

Registrerte avviksmeldingar

År	2010	2011	2012	2013**	2014
Avvik	76	84	87	67	96

** I 2013 blei ikkje lekkasjane registrert som avvik, men som driftsforstyrning.
Føretaket si målsetting er at alle avvik skal registrerast.

Sjukefråvær i snitt SVA KF

År	2010	2011	2012	2013	2014
Langtid i %	2,47	0	2,79	3,11	3,03
Korttid i %	2,96	1,64	2,77	4,17	1,59
Samla %	5,44	1,64	5,66	7,28	4,6

Målsettinga til SVA KF i 2014 var 4,5 %


Anna Kundar hos Stord vatn og avlaup KF

Stord vatn og avlaup leverer tenester til / administrerer følgende kundegrupper :

	Kundar 2011	Kundar 2012	Kundar 2013	Kundar 2014
Abonnentar vassforsyning	7 338	7 442	7 555	7 731
Abonnentar avløp	6 593	6 703	6 798	6 964
Abonnentar avløp – hytter / fritid	52	49	50	54
Abonnentar slamavskiljarar - hushald	508	507	514	512
Abonnentar slamavskiljarar - hytter/fritid	60	62	63	70
Abonnentar renovasjon - hushald	7 434	7 546	7 664	7 812
Abonnentar renovasjon - hytte/fritid	321	320	320	330

Utvikling egedomsgebyr dei seks siste åra

Føretaket har ikkje hatt auke på dei kommunale egedomsgebyra dei tre siste åra.



Kjøp av tenester frå Stord kommune - Økonomi , fakturering, arkiv, IKT mm

Føretaket kjøper tenestene innan økonomi / rekneskap, fakturering, arkivtenester og IKT frå basisorganisasjonen i Stord kommune.

Samla kostnader for tenestekjøp internt i Stord kommune var for 2014 ca kr 3,4 mill kr.

ÅRSREKNESKAPEN 2014

Investeringar/lån

Det var i 2014 budsjettert med kr 77 000 000 til investeringar.

Sjølvkostområda utgjorde av desse	kr 73 000 000
Veg, trafikk og parkering utgjorde	kr 4 000 000

Stord vatn og avlaup har investert for ca. 70,3 millionar kroner i 2014, av dette kr 61,2mill innanfor VA. Dei største prosjekta har vore skifting av vasskummar, VA sanering Skotabergvegen, VA renovering Kringsjå, Valvatna målestasjon og VA renovering Kjøtteinsvegen. I tillegg kjem 5,3 millionar i investering på veg, av dette kr 3,8 mill. på Jensanesvegen. Resten av investeringsmidlane er gått til asfaltering, gatelys og innkjøp av utstyr. VTP har i 2014 finansiert deler av investeringane med unytta lånemidlar frå tidlegare år og ved bruk av fond.

Føretaket står med langsiktig lånegjeld til Stord kommune pr. 31.12.14 med kr 500,7 millionar kroner. Det er betalt 16,4 millionar kroner i avdrag i 2014 (tilsvarende kalkulatorisk avskrivning).

SVA KF	31.12.2013	31.12.2014	Endring siste år
Langsiktig lånegjeld i SK (Mill) VA	458,9	500,7	+ 41,8

Drift

Rekneskapen for SVA 2014 er satt saman av eitt sjølvkostbasert rekneskap (VAR) og eitt kommunefinansiert rekneskap (VTP).

Rekneskapen for 2014 syner:

	Vatn	Avløp	Renovasjon	Slam	Sum VAR	VTP
Netto driftsresultat	2 261 400	96 282	461 163	229 057	3 047 875	-596 437
Budsjettert bruk av fond	2 667 835		25 957	346 585	3 040 377	
Budsjettert avsetning til fond		1 036 924			1 036 924	0
Avvik mot budsjett	406 435	-1 133 206	-435 206	117 528	-1 044 449	596 437

Det største avviket mot budsjett er innanfor avlaup. Her var det budsjettert med avsetning til fond på kr 1,0 mill. kr. Grunna høgare aktivitet gjekk ein likevel ut om lag i balanse, og måtte belaste fondet med kr. 96 000. Når det gjeld vatn var det budsjettert med bruk av fond med 2,6 mill. kr. Det endelege meirforbruket vart kr. 400 000 minder enn budsjettert.

VTP har eit rekneskapsmessige mindreforbruk på kr 596 437.

Det har gjennom året vore varsla at VTP vil gå med underskot, grunnen til at ein likevel kjem ut med eit betydeleg mindreforbruk kjem i hovudsak av:

- Gjennomførte kostnadsreducerande tiltak
- Innsparing vinterdrift
- Vakansar
- Meirinntekt sal av tenester

	Vatn	Avlaup	Renovasjon	Slam	Sum VAR	VTP
Netto driftsresultat	2 261 400	96 282	461 163	229 057	3 047 875	-518 628

Etterkalkyle sjølvkost 2014						
Gebyrinntekter	32 774 374	31 855 687	14 812 101	386 967	79 829 129	
Andre driftsinntekter	554 626	390 437	15 936	0	960 999	
Driftsinntekter	33 329 000	32 246 124	14 828 037	386 967	80 790 128	
Direkte driftsutgifter	19 703 849	18 353 674	14 917 652	603 448	53 578 623	
Avskrivingskostnad	8 706 238	7 696 530	0	0	16 402 768	
Kalkulatorisk rente (2,68 %)	6 765 050	5 860 971	0	0	12 626 021	
Indirekte netto driftsutgifter	411 812	428 068	369 500	12 495	1 221 875	
Indirekte kalkulatorisk rente (2,68 %)	3 451	3 164	2 021	80	8 716	
Driftskostnader	35 590 400	32 342 407	15 289 173	616 024	83 838 004	
Resultat	-2 261 400	-96 282	-461 163	-229 057	-3 047 875	
Kostnadsdekning i %	93,6	99,7	97,0	62,8	96,4	
Sjølvkostfond 01.01	2 455 045	25 389 121	744 416	641 195	29 229 777	
-/+ bruk av/avsetning til sjølvkostfond	-2 261 400	-96 282	-461 136	-229 057	-3 047 875	
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad sjølvkostf. (2,68 %)	35 530	679 858	13 786	14 130	743 304	
Overføring til investering						72 168
Mindreforbruk VTP						-596 437
Sjølvkostfond 31.12	229 175	25 972 696	297 065	426 268	26 925 204	

Resultat/fond

Vatn, avløp, renovasjon og slam skal først etter prinsippet om sjølvkost. Sjølvkost inneber at kommunen sine kostnader med å tilby tenestene skal dekkjast av gebyra som brukarane av tenestene betalar. Kommunen har ikkje høve til å tena pengar på tenestene. For å kontrollere at dette ikkje skjer må kommunen, etter kvart rekneskapsår, utarbeida ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostrekneskapa for det enkelte gebyrområdet. Elementa i ein sjølvkostkalkyle avvik frå kommunen sin ordinære driftsrekneskap på enkelte område og dei to rekneskapa vil ikkje kunna samanliknast direkte. Dette betyr at over-/ underskot skal etterkalkulerast og først mot sjølvkostfond.

I sjølvkostkostkalkylen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter eksklusiv rekneskapsmessige avskrivningar, kalkulatoriske avskrivningar og rentekostnader, samt indirekte driftsutgifter (administrasjonsutgifter).

Ved berekning av kalkulatoriske avskrivningar gjer ein i sjølvkostberekningane fråtrekk av framandfinansiering. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i føretaket sin driftsrekneskap, men representerer ein alternativ avkasting kommunen går glipp av ved at kapital er bunden i anleggsmidlar. Den kalkulatoriske rentekostnaden vert berekna med utgangspunkt i restavskrivingsverdi for anleggsmidlar og ei kalkylerente. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig swap-rente + ½ %. I 2014 var denne lik 2,68 %.

Retningslinene fastset reglar for relevante administrasjonsutgifter som kan gå inn i sjølvkostgrunnlaget. Vidare er det bestemt at eventuelle overskot skal settast av til bundne sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år skal tilbakeførast til brukarane i form av lågare gebyr i løpet av ein femårsperiode. Ein generasjon brukarar skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadene ved tenestene som vert ytt i dag skal dekkjast av dei brukarane som dreg nytte av tenesta.

I tillegg til å utarbeida ein etterkalkyle for kvar betalingsteneste må kommunen også utarbeida forkalkyle i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Forkalkylane gjev grunnlag for gebyrsatsane i kommunen. På budsjetteringstidspunktet er det mang usikre faktorar, mellom anna framtidig kalkylerente og utvikling av tal på brukarar. I tillegg til å overhalda generasjonsprinsippet bør kommunen ha målsetjing om minst moglege variasjon i dei kommunale gebyra.

Innanfor vatn og avløpsområdet har lågare renteutgifter og kapitalutgifter enn budsjettert dei siste åra ført til oppbygging av desse sjølvkostfonda.

Fonda har hatt følgjande utvikling dei siste fire åra :

Fond pr.	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2014	Endring
Vatn	5 190 022	6 279 903	2 455 045	229 175	-2 225 870
Avløp	17 339 302	21 993 811	25 389 120	25 972 696	+583 576
Renovasjon	623 913	489 527	744 416	297 065	-447 351
Slam	564 534	334 125	641 195	426 268	-214 927
Sum fond	23 717 771	29 097 366	29 229 776	26 925 204	-2 304 572

Stord 25.04. 2014

Sverre Olav Svarstad
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Irene StrømøKvalvik
Styremedlem

Øivind Lothe
Styremedlem

Jonas Meyer Eldøy
Styremedlem

Roy-Sverre Amundsen
Dagleg leiar



Stord vatn og avlaup KF

ÅRSREKNESKAP 2014

Økonomisk oversikt
Balanse
Notar til rekneskapen

Driftsrekneskap

	Notar	Rekneskap 2014	Rev. budsjett	Opph. budsjett	Rekneskap 2013
Driftsinntekter					
Andre sals- og leieinntekter		82 095 838	83 006 432	83 201 506	81 855 704
Overføringer med krav til motyttingar		12 129 160	11 814 229	11 574 334	14 729 680
Andre overføringer		7 724 732	7 724 762		
Sum driftsinntekter		101 949 729	102 545 423	94 775 840	96 585 385
Driftsutgifter					
Lønsutgifter		17 536 014	17 761 060	19 260 154	17 294 793
Sosiale utgifter		4 525 423	4 238 626	4 663 894	4 649 604
Kjøp som inngår i kommunal prod.		26 461 484	28 019 158	30 160 492	28 620 448
Kjøp som erstatter eigen prod.		17 882 085	17 379 422	17 079 468	17 417 451
Overføringer		1 714 962	1 650 627	1 810 709	2 389 786
Avskrivningar	9	17 451 508	17 451 508	12 300 000	14 730 536
Fordelte utgifter		-355 549	-216 410	-2 337 032	-1 385 301
Sum driftsutgifter		85 215 928	86 283 991	82 937 685	83 717 317
Brutto driftsresultat		16 733 801	16 261 432	11 838 155	12 868 067
Finansinntekter					
Renteinntekter, utbytte og elgaruttak		743 304	783 056	783 056	-
Sum eksterne finansinntekter		743 304	783 056	783 056	-
Finansutgifter					
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	7	12 659 225	12 458 707	11 458 707	9 399 459
Avdragsutgifter	7	16 402 768	16 569 915	15 569 915	14 378 477
Sum eksterne finansutgifter		29 061 993	29 028 622	27 028 622	23 777 936
Resultat eksterne finansieringstransaksjonar		-28 318 689	-28 245 566	-28 245 566	-23 777 936
Motpost avskrivningar	9	17 451 508	17 451 508	12 300 000	14 730 536
Netto driftsresultat		5 866 620	5 467 374	-2 107 411	3 820 668
Interne finanstransaksjonar					
Bruk av tidligere års regnskapsmessige overskudd		1 067 495	1 067 495	-	-
Bruk av disposisjonsfond		-	-	-	-
Bruk av bundne fond	5,7	3 047 875	3 144 335	3 144 335	3 824 858
Sum bruk av avsetningar		4 115 370	4 211 830	3 144 335	3 824 858
Overført til investeringsrekneskapen		72 168	72 168	-	2 620 763
Dekning av tidligere års regnskapsmessige underskudd		8 570 082	8 570 112	-	-
Avsetningar til disposisjonsfond		-	-	-	-
Avsetningar til bundne fond	5,7	743 304	1 036 924	1 036 924	3 957 268
Sum avsetningar		9 385 554	9 679 204	1 036 924	6 578 031
Rekneskapsmessig mel- (-)/mindreforbruk(+)	10,7	596 437	-	-	1 067 495

Investeringsrekneskap

	Notar	Rekneskap 2014	Rev. budsjett	Opph. budsjett	Rekneskap 2013
Inntekter investering					
Sal av driftsmidler og fast eiendom		0	240 000	240 000	-
Andre salsinntekter		0	3 045 380	3 045 380	2 500 000
Overføringer med krav til motyttingar		3 625 071	11 956 405	11 956 405	9 197 448
Kompensasjon for meirverd avgift		1 725 105	-	-	-
Statlege overføringer		0	-	-	-
Andre overføringer		6 789 177	7 845 133	7 845 133	12 576 284
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak		0	-	-	-
Sum inntekter investering		12 139 353	23 086 918	23 086 918	24 273 733
Utgifter investering					
Lønsutgifter		886 963	-	-	-
Sosiale utgifter		315 447	-	-	-
Kjøp som inngår i kommunal prod.		67 382 118	116 974 755	116 974 755	100 933 680
Kjøp som erstattar eigen prod.		1 525	10 525	10 525	-
Overføringer		1 725 105	-800 000	-800 000	3 275 953
Renteutgifter, provisjon og andre finansutg.		259	2 771 259	2 771 259	2 703 295
Fordeelte utgifter		0	-	-	-
Sum utgifter investering		70 311 418	118 956 539	118 956 539	106 912 929
Finansransaksjonar					
Avdragsutgifter		-	-	-	-
Utlån		-	-	-	-
Kjøp av aksjar og andeler		58 342	100 402	100 402	49 469
Dekking av tidl års udekka		-	-	-	-
Avsetjingar til ubundne inv.fond		-	-	-	-
Avsetjingar til bundne fond		-	-	-	-
Avsetjingar til likv.reserve		-	-	-	-
Sum finansransaksjonar		58 342	100 402	100 402	49 469
Finansleringsbehov		58 230 407	95 970 023	95 970 023	82 688 665
Dekka slik:					
Bruk av lån					
Bruk av Interne lån		58 158 239	95 970 025	95 970 025	80 067 902
Mottatte avdrag på utlån		-	-	-	-
Sal av aksjar og andeler		-	-	-	-
Bruk av tidl års udisponert		-	-	-	-
Ovf frå særbedrifter		-	-	-	-
Ovf frå driftsrekneskapen		72 168	-	-	2 620 763
Bruk av disp.fond		-	-	-	-
Bruk av ubundne inv.fond		-	-	-	-
Bruk av bundne fond		-	-	-	-
Bruk av likv.reserve		-	-	-	-
Sum finanslering		58 230 407	95 970 025	95 970 025	82 688 665
Udekka/ udisponert		-	2	2	-

Balanse

	Noter	2014	2013
EIENDELER			
A		575 966 650	521 514 952
Anleggsmidler			
Faste eiendomar og anlegg	9	516 294 337	469 418 868
Utstyr, maskinar og transportmidlar	9	36 476 329	32 217 251
Utdån		-	
Aksjar og andeler		183 786	125 444
Pensjonsmidlar	8	23 012 198	19 753 389
B		39 830 028	41 704 946
Ømløpsmidlar			
Kortsiktige fordringar	3	3 121 094	12 518 889
Konserninterne kortsiktige fordringar		27 058 675	26 228 029
Premieavvik	8	1 800 599	976 269
Aksjar og andeler		-	-
Sertifikater		-	-
Obligasjonar		-	-
Kasse, postgiro, bankinnskot		7 849 660	1 981 759
SUM EIGENDELER (A+B)		615 796 678	563 219 898
EIGENKAPITAL			
C		63 729 748	47 800 629
Eigenkapital			
Disposisjonsfond		-	-
Bundne driftsfond	4, 7	26 925 205	29 229 776
Ubundne investeringsfond		-	-
Bundne investeringsfond		-	-
Endring i rsk.prinsipp som verkar på AK (dr.)		-	-
Endring i rsk.prinsipp som verkar på AK (inv.)		-	-
Rsk.messig mindreforbruk		596 437	1 067 495
Rsk.messig meirforbruk	7	-9 496 410	-18 066 491
Udisponert i inv.rekneskapen		-	-
Udekket i inv.rekneskapen		-	-
Kapitalkonto	6	45 704 516	35 569 849
GJELD			
D		530 262 134	485 945 103
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktingar	8	29 565 619	27 004 059
Thendetavarobligasjonslån		-	-
Sertifikatlån		-	-
Andre lån		-	-
Konsernintern langsiktig gjeld	5	500 696 515	458 941 044
Ovf frå særbedrifter		-	-
E		21 804 796	29 474 167
Kortsiktig gjeld			
Kassakredittlån	5	-	-
Anna kortsiktig gjeld		21 653 523	29 324 779
Konsernintern kortsiktig gjeld	5	-	-
Premieavvik	8	151 274	149 388
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C+D+E)		615 796 678	563 219 899
MEMORIAKONTI			
F			
Memoriaført		-	-
Ubrukte lånemidlar		-	-
Ubrukte konserninterne lånemidlar		-	41 314 397
Andre memoriakonti		-	-
Motkonto for memoriakonti		-	-41 314 397
Roy Sverre Amundsen dagleg leiar			
Hege Etterlid økonomiansvarleg			



NOTE 1 Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering

Rekneskapen er avlagt i samsvar med rekneskapsføresegnene i kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk. Føretaksrekneskapen er finansielt orientert, og skal syne alle økonomiske midlar som er tilgjengeleg i året, og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som følgjer av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet betyr at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året som vedkjem føretaket si verksemd skal gå fram av drifts- eller investerings- rekneskapen i året enten dei er betalte eller ikkje.

Drifts- og investeringsrekneskapen

Alle løpande inntekter og innbetalingar, og bruken av desse skal rekneskapsførast i driftsrekneskapen. Bruk av lånemidlar og inntekter knytt til varige driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar vert inntektsført i investeringsrekneskapen. Andre inntekter som er uvanlege eller ikkje regelmessige vert inntektsført i investeringsrekneskapen. Alle investeringar vert utgiftsført i investeringsrekneskapen og balanseført.

Vurderingsregel

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk vert klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Føretaket sine anleggsmidlar er vurdert til brutto skaffekost. Dette vil sei at mottekne tilskot ikkje har redusert skaffekost. Dersom verkeleg verdi av anleggsmidlar er lågare enn bokført verdi og verdifallet ikkje er forbigåande, er det føreteke nedskrivning til verkeleg verdi. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskreve med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivningane startar året etter at anleggsmiddelet er skaffa/teke i bruk.

Avskrivning og nedskrivning av anleggsmidlar påverkar ikkje resultatet i føretaket sitt drifts- eller investeringsrekneskap. Omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av skaffekost og verkeleg verdi. Fordringar som skal attendebetalast innan eit år vert klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Pensjonar

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er ført i balansen som høvesvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld. Pensjonsforpliktinga består av den diskonterte verdien av dei samla framtidige pensjonsyttingane som er opptent ved utgangen av året. Forpliktinga er rekna ut ifrå langsiktige føresetnader om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Årets pensjonskostnad er endring i forpliktinga frå byrjinga til slutten av året. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen med tilbakeføring over dei neste 15 åra. Premieavvik som er oppstått i 2011 og seinare, skal tilbakeførast over 10 år. Premieavvik som er oppstått i 2014 og seinare, skal tilbakeførast over 7 år.

NOTE 2 Årsverk

Tekst	2014	2013	2012
Årsverk	32,5	28,9	33,6
Tilsette	35	35	35
Kvinner	8	8	8
% del kvinner	22,9	22,9	22,9
Menn	27	24	27
% del menn	77,1	77,1	77,1
Kvinner i leiande stillingar	2	2	2
% del kvinner i leiande stillingar	25,0	22,2	25
Menn i leiande stillingar	4	6	6
% del menn i leiande stillingar	75	77,8	77,8

Fordeling heiltid/deltid

Tekst	2014	2013	2012
Tal deltidstillingar årsverk	2,5	2,6	1,6
Tal tilsette i deltidstillingar	5	5	3
Tal kvinner i deltidstillingar	1	2	2
%-del kvinner i deltidstillingar	20,0	40,0	66,7
Tal menn i deltidstillingar	4	3	1
%-del menn i deltidstillingar	80,0	60,0	33,3

NOTE 3 Mellomverande med kommunen

Tekst	2014	2013
Kortsiktig fordring	27 058 675	26 228 029
Kortsiktig gjeld		-26 875
Langsiktig gjeld	500 696 515	458 941 044

Kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring er overføringskonti for oppgjer mellom Sva KF og Stord kommune. Endring i langsiktig gjeld er bruk av lån til investering i 2014 fråtrekt kalkulatoriske avdrag (avskrivning).

NOTE 4 Endring i arbeidskapital

Del 1 Endring i arbeidskapital løyvingerekneskapen

Anskaffing av midlar		2014	2013
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	SUM(600:670; 700:780;800:895)	-101 799 752	-96 585 385
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	SUM(600:670; 700:770;800:895)	-12 139 353	-24 2473 733
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	SUM(900:929)	-58 901 543	-80 067 902
Sum anskaffing av midlar	S	-172 840 648	-200 927 020
Bruk av midlar			
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	SUM(010:285;300:480) -690	67 614 443	68 986 781
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	SUM(010:285;300:480) -690	70 311 159	104 209 634
Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	SUM((500:529)	29 120 594	26 530 700
Sum bruk av midlar	T	167 046 195	199 727 115
Anskaffing - bruk av midlar	U=W	-5 794 452	-1 199 905
Endring i ubrukte lånemidler	Bal: 2.91(Rt) - 2.91(Rt-1)		
Endring i arbeidskapital	V	-5 794 452	1 199 905

Del 2 Endring i arbeidskapital balansen

Tekst	Konto	2014	2013
Omløpsmidlar	2.1		
Endring kortsiktige fordringar	2.13 - 2.17	22 327 918	14 392 634
Endring aksjar og andelar	2.18		
Premieavvik	2.19	824 330	-105 396
Endring sertifikat	2.12		
Endring obligasjonar	2.11		
Endring betalingsmidlar	2.10	5 867 901	-25 914 646
Endring omløpsmidlar		29 020 149	-11 627 408
Kortsiktig gjeld	2.3		
Endring kassekredittlån	2.31	0	-24 348 315
Endring annen kortsiktig gjeld	2.32 - 2.38	23 223 810	11 371 615
Premieavvik	2.39	1 886	149 388
Endring arbeidskapital		5 794 452	1 199 905

NOTE 5 Avsetningar og bruk av avsetningar

Del 1 Alle fond avsetningar og bruk av avsetningar drifts- og investeringsrekneskapen

Alle fond	KOSTRA-art		Regnskap 2014	Regnskap 2013
	SUM(530:550)+	580	9 909 822	5 024 763
Avsetningar til fond				
Bruk av avsetningar	SUM(930:958)		-4 115 370	-3 824 858
Til avsetning seinare år	980		0,00	0,00
Netto avsetningar			5 794 452	1 199 905

Del 2 Disposisjonsfond avsetningar og bruk av avsetningar

Disposisjonsfond	KOSTRA-art/balanse	Rekneskap 2014	Regulert budsjett	Opphavleg budsjett	Budsjettskjema	Rekneskap 2013
IB 0101	2.56	0,00			1A, eller brutto 1B eller netto 1B	0,00
Avsetningar driftsrekneskapen	540	0,00	0,00	0,00		0,00
Av dette budsjettskjema 1A						
Av dette brutto budsjettskjema 1B						
Bruk av avsetningar driftsrekneskapen	940	0,00	0,00	0,00		0,00
Av dette budsjettskjema 1A						
Av dette brutto budsjettskjema 1B						
Bruk av avsetningar investeringsrekneskapen	940	0,00	0,00	0,00		0,00

UB 31.12	2.56	0,00				0,00
----------	------	------	--	--	--	------

Overføring	KOSTRA-art	Rekneskap 2014	Regulert budsjett	Opphavleg budsjett	Budsjettskjema	Rekneskap 2013
Overført fra drifts- til investeringsrekneskapen	570/970	72 168	0,00	0,00		0,00
Av dette budsjettskjema 1A						
Av dette brutto budsjettskjema 1B						

Del 3 Bunde driftsfond avsetninger og bruk av avsetninger

Bunde driftsfond	Kostra art/balanse	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
IB 0101	2.51	29 229 776	29 097 366
Avsetningar	550	743 304	3 957 268
Bruk av avsetningar driftsrekneskapen	950	3 047 875	3 824 858
Bruk av avsetningar investeringsrekneskapen	950	0,00	0,00
UB 31.12	2.51	26 925 205	29 229 776

NOTE 6 Kapitalkonto

KAPITALKONTO			
01.01.2013 Balanse (underskudd i kapital)		01.01.2013 Balanse (kapital)	35 569 849
Debetposterings i året:		Kreditposterings i året:	
Sal av fast eiendom og anlegg		Aktivering av fast eiendom og anlegg	68 586 054
Nedskrivning av fast eiendom		Oppskrivning av fast eiendom	
Avskrivning av fast eiendom og anlegg	17 451 508	Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar	
Sal av utstyr, maskiner og transportmidlar		Oppskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	
Nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar		Kjøp av aksjar og andelar	58 342
Avskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar		Oppskrivning av aksjar og andelar	
Bruk av midlar frå eksterne lån	58 158 239	Utlån formidlings/startlån	
UB Pensjonsforplikting (netto)	2 320 528	Avdrag på eksterne lån	16 402 768
Aga pensjonsforplikting	327 195	UB Pensjonsmidlar (netto)	3 344 972
		Reversering nedskrivning av fast eiendom	
		Reversering nedskrivning, maskiner og transportmateriell	
31.12.2013 Balanse (Kapital)	45 704 516	31.12.2013 Balanse (underskot i kapital)	

Det vil i særskilte tilfelle vere aktuelt å utvide mogelege posteringar mot kapitalkonto.


NOTE 7 Gebyrfinansierte sjølvkosttenester, etterkalkyle 2014

Stord vatn og avlaup KF har utarbeida etterkalkyle for betalingstenester i høve til «Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester» (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Føretaket nyttar sjølvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune.

Sjølvkost inneber at føretaket sine kostnader med å tilverke tenestene skal dekkjast av gebyra som brukarane av tenestene betalar. Føretaket har ikkje høve til å tena pengar på tenestene. For å kontrollera at dette ikkje skjer må føretaket, etter kvart rekneskapsår, utarbeida ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostrekneskapen for det enkelte gebyrområdet. Elementa i ein sjølvkostkalkyle avvik frå føretaket sin ordinære driftsrekneskap på enkelte område og dei to rekneskapa vil, som dømet under viser, ikkje kunne samanliknast direkte.

Skilnad mellom det kommunale føretaket sin rekneskap og sjølvkostrekneskapen	Rekneskapsresultat	Sjølvkostkalkyle
Gebyrinntekter	8 800 000	8 800 000
Andre driftsinntekter	20 000	20 000
Driftsinntekter	8 820 000	8 820 000
Direkte driftsutgifter	5 700 000	5 700 000
Avskrivningskostnad	1 750 000	1 580 000
Kalkulatorisk rente	0	1 140 000
Indirekte driftsutgifter (netto)	0	240 000
Driftskostnader	7 450 000	8 660 000
Resultat	1 370 000	160 000

I sjølvkostkalkylen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter eksklusiv rekneskapsmessige avskrivningar, kalkulatoriske avskrivningar og rentekostnader, og indirekte driftsutgifter (administrasjonsutgifter). Ved berekning av kalkulatoriske avskrivningar gjer ein i sjølvkostberekningane fråtrekk av framandfinansiering. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i føretaket sin driftsrekneskap, men representerer ein alternativ avkasting føretaket går glipp av ved at kapital er bunden i anleggsmidlar. Den kalkulatoriske rentekostnaden vert berekna med utgangspunkt i restavskrivningsverdi for anleggsmidlar og ei kalkylerente. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig SWAP-rente + 1/2 % -poeng. I 2014 var denne lik 2,68 %.



Samla etterkalkyle VAR 2014

Etterkalkylene for 2014 er baserte på rekneskap dater 7. februar 2015.

Etterkalkyle sjølvkost 2014	Vann	Avløp	Renovasjon	Slamtomming	Totalt
Gebyrinntekter	32 774 374	31 855 687	14 812 101	388 967	79 829 129
Andre driftsinntekter	554 626	390 437	15 938	0	960 999
Driftsinntekter	33 329 000	32 246 124	14 828 037	388 967	80 790 128
Direkte driftsutgifter	18 703 849	18 353 674	14 917 652	603 448	53 578 623
Avskrivingskostnad	8 708 238	7 696 530	0	0	16 402 768
Kalkulatorisk rente (2,68 %)	6 785 050	5 860 971	0	0	12 626 021
Indirekte netto driftsutgifter	411 812	428 068	369 500	12 495	1 221 875
Indirekte kalkulatorisk rente (2,68 %)	3 451	3 164	2 021	60	8 716
Driftskostnader	35 590 400	32 342 407	15 289 173	616 024	83 838 004
Resultat	-2 261 400	-96 282	-461 136	-229 057	-3 047 875
Kostnadsdeknings%	93,6 %	89,7 %	97,0 %	62,8 %	96,4 %
Sjølvkostfond 01.01	2 455 045	25 389 121	744 416	641 195	29 229 777
-/+ Bruk av avsetjing til sjølvkostfond	-2 281 400	-96 282	-461 136	-229 057	-3 047 875
+/- Kalkulerer rente inntekt/-kostnad sjølvkostfond (2,68)	35 530	679 858	13 788	14 130	743 304
Sjølvkostfond 31.12	229 175	25 972 696	297 065	426 268	26 925 204

Etterkalkylen for 2014 er utarbeida i samarbeid med Momentum Selvkost AS som har meir enn 11 års erfaring med sjølvkostproblematikk og brei erfaring rundt alle problemstillinger knytta til sjølvkost. Sjølvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune nyttast av fleire enn 200 norske kommunar.

Vatn - 2013 til 2019

Sjølvkostoppstilling Vatn

Tabellen nedanfor viser etterkalkyler for 2013 og 2014 i Stord vatn og avlaup KF. Resultatet for 2014 var ikkje kjend ved budsjettarbeidet i fjor haust. Dette kan gje avvik mellom prognosane i budsjettet for 2015 og etterkalkylen for 2014.

Etterkalkyle Vatn: 2013 til 2019	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Gebyrinntekter	31 896 851	32 774 374	36 385 803	39 644 553	44 114 783	48 812 950	53 453 427
Andre inntekter	320 681	554 826	51 250	52 531	53 845	55 191	56 570
Driftinntekter	32 217 331	33 329 000	36 438 853	39 897 084	44 168 628	48 868 151	53 509 997
Driftsutgifter	23 446 567	19 703 849	20 107 721	20 710 953	21 332 281	21 972 250	22 631 417
Kapitalkostnader	12 604 613	15 471 288	15 921 346	18 583 811	22 428 152	26 378 294	30 340 588
Indirekte kostnader	-71 337	415 293	468 120	484 689	501 842	519 607	538 012
Sum driftsutgifter	35 979 843	35 590 400	36 497 187	39 779 453	44 280 275	48 668 151	53 509 997
Kalkulatorisk rente sjølvkostfond	117 228	35 630	5 174	3 653	1 435	155	168
Andre utgifter/inntekter	179 572	35 530	5 174	3 853	1 434	155	168
